

Svar til Ap, H, INP

Saka i avisa om inventar til Syverplassen barnehage kviler på ein del førestillingar eller historier. Det er vist til drypp av feil- eller manglande informasjon som gjer at totalen vert historieskriving aldeles.

I siste saka er det brukt svar frå Arbeidarpartiet, Høgre og INP til barnehagen som også inviterer til slik historieskriving. Sjølv om innbyggjarane sikkert har fått meir enn nok av det for lang tid sidan, er det nokre fakta og inntrykk som det må vere lov å peike på:

1. I saka er det vist til AP, Høgre og INP som opplyser at dei ville pålegge Sektor for samfunnsutvikling ein reduksjon på 5,2 mill. slik at «innsparingsbyrdene kunne vore betre fordelt og Syverplassen barnehage kunne fått handlingsrom til innkjøp». Men i det i alternative budsjettframlegget (<https://www.vikebladet.no/nyhende/i/pPlo6j/tenkjer-me-maa-vere-realistar-og-ta-grep>) finst jo ikkje spor av slike løyvingar til Sektor for læring og kultur der barnehagen høyrer til. Stikk i strid med framstillinga i avisa. Utover dette er det endeleg vedtekne budsjettet for 2025 til slutt og med nokre få unntak forholdsvis like.
2. No alle fått bekrefta at ein jobbar med inventar og aldri tenkt at det skulle stå tomt. Det må jo fram. Likevel blir det i sitat og kjelder ståande ord som «absurd» osv. som etterlet eit totalbilete som er misvisande.
3. Kommunedirektøren har skore titals millionar i drifta til no i år og rapporterer no nær balanse i korleis dei driftar mellom anna barnehagesektoren. Likevel er Ap, H og INP etter siste økonomirapport sitert i avisa om «eit estimert underskott på ca. 8,2 millionar.» Dette er renteutgifter på finansområdet og må sjølv sagt dekkast gjennom ein gjennomtenkt og langsiktig finansieringsplan. Men FAU er glade for at kommunedirektøren har brukt tida til å justere ned tenesta på ein litt meir forsvarleg måte, enn alternativet som hadde vore å legge ei belastning på ytterlegare 8 mill. i kutt allereie frå nyttår. Hadde AP, H og INP lagt inn dette ville deira budsjett vist minus på lik linje med alle andre som håpa på rentekutt etter annus horribilis 2024 og etterkvart også 2025 for kommune-Noreg.

Slik saka er framstilt med overskrifter og sitat frå ulike partar, går det hardt utover tilsette og andre innbyggjarar slik at alle blir usikre og frustrerte. Saka kunne like gjerne vore vinkla i tråd med kommunalsjefen som i kommunestyret seinast måndag kom med eit faktabasert svar om at det sjølv sagt aldri var aktuelt at barnehagen skulle vere utan møblar, men at dei hadde fleire aktuelle løysingar.

Thor Ove Rekdal Nedrelid
FAU-leiar i Syverplassen barnehage